



Status over *Gyrodactylus salaris* i norske vassdrag 1.4.2006



Fritt fram for frisk fisk



Slik hindrar du
spreiing av
*Gyrodactylus
salaris*

Har du spørsmål om «Gyro» og smittespreiing ta kontakt med Mattilsynet på telefon 06040

www.mattilsynet.no

Kva er Gyrodactylus salaris?

G. salaris er eit bittelite dyr, mindre enn ein halv millimeter lang. Med dei små klørne sine hakar han seg fast og et av huda til laksungen. *G. salaris* har stor formeiringsevne. Det kan bli nærare 10 000 snyltarar på ein laksunge. Parasitten blir ofte kalla laksedreparen eller berre «Gyro».

Kvifor skal eg bry meg med dette?

Denne sjukdommen er så alvorleg for laksen at han kan bli heilt borte frå dei infiserte elvane. Dersom vi ikkje gjer noko, kan fiske etter villaks i Noreg bli historie. Derfor er det svært viktig at alle, også du, veit korleis du skal te deg når du ferdast ved elvar og ferskvatn. Vi må alle gjera vårt for at parasitten ikkje spreier seg til fleire elvar.

Kvar kjem *G. salaris* frå?

Truleg har *G. salaris* lenge funnest i baltiske elvar i Finland og Russland, kanskje også i Aust-Sverige. Det ser ut som den baltiske laksen toler parasitten betre enn vår. I Noreg vart parasitten påvist første gong i 1975 etter import av setjefisk frå Sverige. Dette synar kor nøye vi må vera ved flytting og utsetjing av fisk.

Kan laksen utvikle motstandskraft?


Den norske laksen har svært lita motstandskraft mot parasitten. Det er usikkert kor lang tid det vil ta å utvikle ei motstandskraft som er så god at parasitten ikkje trugar laksestammene våre. Røynsle frå norske vassdrag med «Gyro»-infeksjon er at parasitten nesten utryddar laksen heilt i elva.

Korleis spreier parasitten seg?

Parasitten kan spreie seg med fisk, garn, utstyr og vatn frå smitta vassdrag og anlegg. I Noreg er det i dei fleste tilfelle flytting og utsetjing av smitta fisk som har spreidd parasitten til nye område. Men parasitten kan og spreie seg med utstyr som blir brukt i fleire vassdrag. *G. salaris* er i stand til å overleve i fleire dagar i fuktige miljø, t.d. i plastposar, på daud fisk, på annan emballasje og utstyr som vadarar, garn, snøre og håv. Det er ikkje berre fiskeutstyr som kan dra med seg smitte, men alt vi brukar i og ved ferskvatn: gummibåtar, madrassar, kanoar og kajakkar. *G. salaris* er ikkje så vanskeleg å ta knekken på – berre du gjer det rette.

Dette må du ikkje gjera:

- Setja ut levande fisk i naturen utan at Fylkesmannen har gjeve løyve.
- Vaske og sløye fisk på andre stader enn der fisken vart fanga.
- Ta med utstyr frå eit vassdrag til eit anna utan å tørke eller desinfisere det.
- Slå ut vatn i eit anna vassdrag enn der det er henta.



Ting du bør hugse på før du flytter utstyr mellom vassdrag:

Besøk ein desinfiseringsstasjon og få utstyret desinfisert, *eller*

Desinfisera med Virkon-S. Virkon-S kan kjøpast i pulverform hjå Felleskjøpet, og kan løysast opp i vatn til ei blanding på 1,0 %. Blandinga kan påførast utstyr, og kan skyllest av etter omlag 15 minutt. Røynsle syner at fiskeutstyret ikkje tar skade av dette. Følg instruksjonane på pakka eller kontakt Mattilsynet for meir informasjon, *eller*

Sørg for at alt utstyret er heilt tørt før det blir flytt til neste vassdrag. Det gjeld fiskeutstyr, håvar, båtar, støvlar og anna utstyr som har vore i kontakt med vatn, *eller*

Djupfrys alt utstyret i minst ein dag.

Du som har fiska i eller padla i utanlandske eller smitta norske vassdrag, SKAL sørgje for at utstyret er reint og desinfisert før det blir brukt på nytt.

HUGS: All transport av vatn og fisk mellom vassdrag fører til risiko for smitte.



Ikkje vask og sløy fisk andre stader enn der du fanga han.

Ikkje slå ut vatn i eit anna vassdrag enn der du henta vatnet.